

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Egge

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Rønne

Gard:

(adresse): Sneve pr. Steinskjer

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Nei*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*Har opplysningane frå fleire eldre menn som er mellom  
70 og 80 år.*

## SVAR

Førslag som skav, leit og brom vart  
her med eit samnamn kalla vaudfor.  
Gjerningsordet skava høyrer ein slik i  
vår dialekt:

skavå - skav - skov - skavå.

Skav har ikkje vori rekna som regulært  
førslag, det folk minner, men brukt som  
hjelpfor i vanskelege forår.

Til skav nytta ein her rånn eller rogn,  
som vi seier, og asp. Av bastre vart her  
aldri teki skav. Rånn vart halddi for  
å vera likast. Men etter som det var  
mindre av dette foreslaget, vart asp mest  
nyttå.

Ordet skav har ikkje vori brukt om  
noka særskilt foreslag.

Her er eit rim om Karlus godliken  
at dei yngre foreslaga er som skav. Men  
rimet er ikkje opphavleg her i frå. Etter det  
konserverator Nordgård fortel i bygdeloka  
„Stod i fortid og nutid“, har det komi frå  
Nordhordland. Det er mistnok det same  
som er attgjerni i spørsmåla frå Sjøkk.

2. 7 bygdemålet vart tyder det slike:

„Rogge på  
aspe gjø  
legg gi meg i legg  
ask gjer kua rask  
uia melte  
sella smelte.“

Det var utover reinnisteren fram mot våren at skav vart nytta. Og det vart brukt til kyrne, saune og gutene.

Folk hadde den trua at det vart meire rjome på melka når kyrne fekk skav.

I fall ein brukte mjøkje skav av raum og asp, minste dei det vart beisksmak på melka.

Skavveden vart hoggi særskilt. Til dette tok ein helst tre med fin og glatt bark. Materialet dei her brukte til hejened var gran, og borken av denne vart ikkje nytta til skavfôr.

Her har ikkje vori noka særskilt namn på det å henta skavved, auva det vart sagt at ein skulle etter skav eller skavved.

Gjerningsordet marka er ikkje kjent her. Skav vart, for det måste, henta i tida mars-april. At det vart haldi for verleg surt og hardt arbeid å henta skavved, har ei ikkje høyrd. Og at ein skulle i skogen på fastande bjarte og henta skav lauffredag, er ukjent her.

Med skavinga heldt ein seg ute på timet, i nedstykket eller i stova alt etter som været var. Om buddene sat karane ofte inne i stova og „skav“?

Her brukte ein ikkje anna reidskap til skaninga enn tallekniven (tølgkniv. in). Det som er nemnd under nr. 17 og 18 om reidskapar og framgangsmaat er difor utgjent her.

Skavveden vart kappna i vanlege nedskilengder (fannvedlengder ca. 60 cm)

Når ein skava heldt ein kniven med høgre handa og skavtjeppe i venstre. Og det var kniven ein førde fram og attende. Skavtjeppe låg roleg.

Veden ein skjur kallar ein skavved, og borken ein skjur tå vart kalla skav.

Det var helst tinnre tjeppar som vart nytta til skavved, men var elles borken fin og glatt vart det og brukte støre tre, serby rann.

Tjeppeene som var skava kalla ein her ein skinill. (flure) skjulå eller skjölå.

Når ein skava, skulle ein ikkje skjera med noko an vedens.

Steden (skjölåen) vart bruket til vanleg ved.

Na er her heilt stutt med å bruke skav.

Det tok til å bli avlagt rist i 1800-åra.

Men i Nerby vansketelege försas vart det brukte skav på ymse små-bruk i dette århundre og. Vinteren 1917 vart det bruket nyttje skav på eit småbruk her. Det vart uvanleg sein når dette året.